



Statens vegvesen

Label_Notat

Label_Til: Mottakerliste
Label_Fra: Samfunns- og trafikksikkerhetsseksjon
Label_Kopi til: Kopimottakerliste

L_Saksbehandler/L_telefon:
Runa Aaland Eggum / 57655906
L_Vår dato: 28.09.2018
L_Vår referanse: 16/90921-19

Label_UO

Sak 169/18 – 171/18 Fråviksgruppa. Fråvikssøknad – reguleringsplan for gnr. 216 bnr 119 mfl. – Eidsvåg skole – Bergen kommune

Fråviksgruppa har handsama fråvikssøknader mimeref 16/90921-17 med følgjande kommentarar og avgjerd:

I samband med ei renovering av skulen i området, skal det opprettast ein midlertidig skule (skal også brukast til renovering av andre skular andre stader i Bergen seinare). Det skal byggjast ein busshaldeplass for fire bussar, og kommunal veg som går ut i fylkesveg 267 skal rustast opp sidan elevane må gå langs denne frå haldeplassen fram til skulen. Det vert søkt om fråvik frå tre krav i normalen, horisontalgeometri, vinkel og linjeføring.

Sak 169/18 – [Fråvikssøknad – reguleringsplan for gnr. 216 bnr 119 mfl. – Eidsvåg skole – Bergen kommune](#)

Krav: N100 Kap C1 Utformingskrav. Horisontalgeometri.

Regionen si avgjerd: *Horisontalkrava det vert søkt om fråvik frå er knytt til fri strekning. Dette er kurve inn mot kryss. Det er dermed ikkje naudsynt å søkje om fråvik.*

Sak 170/18 – [Fråvikssøknad – reguleringsplan for gnr. 216 bnr 119 mfl. – Eidsvåg skole – Bergen kommune](#)

Krav: N100 Kap E.1.1 Linjeføring gjennom kryssområdet.

Veg bør tilknytast primærveg med tilnærma rett vinkel. Vinkelen på krysset er i dag 53°, noko som er ugunstig m.o.t. sikt. Normalen krev at ein ikkje skal ha under 70°. Sjølv om den søkte løysinga er ei meir trafikksikker løysing enn situasjonen i dag, meiner fråviksgruppa det er langt igjen for at den er god nok, spesielt på grunn av sikten mot høgre for bilar som skal inn på fylkesvegen. Dette er i den retninga det vil bli ein stor auke i trafikken av skuleborn frå busshaldeplassen.

Postadresse
Statens vegvesen
506M300003M300009M300290M300537M
Postadresse
Postnummer

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50

Regionen si avgjerd: *Fråviksgruppa meiner at vurderingane i forhold til trafikkikkerheit og økonomi er for dårlege. Gruppa meiner vidare at det ikkje er forsvarleg med eit kryss med så liten vinkel inn mot hovudvegen slik løysinga legg opp til. Det må sjåast på løysingar der dimensjonerande køyretøy kan stillast opp på ein slik måte at sikten vert god nok.*

Fråviksgruppa er generelt uroa for den løysinga som det er lagt opp til, med mange skuleborn som må krysse den kommunale vegen (to gonger), samstundes som standarden på den kommunale vegen og krysset er planlagt med så dårleg standard. Det vert stilt spørsmål ved om fortau på motsett side hadde vor ei betre løysing. Fråviksgruppa tilrår difor avslag på søknaden.

Sak 171/18 – [Fravikssøknad – reguleringsplan for gnr. 216 bnr 119 mfl. – Eidsvåg skole – Bergen kommune](#)

Krav: N100 Kap D.1.1.1 Linjeføring. Krav til sekundærvegens vertikale linjeføring

Regionen si avgjerd: *Fråviksgruppa meiner at vurderingane i forhold til trafikkikkerheit og økonomi er for dårlege. Gruppa meiner vidare at det ikkje er forsvarleg med så stort fall inn mot krysset som planlagt, kombinert med den kompliserte trafikksituasjonen ein vil få med mange skuleborn i området. Fråviksgruppa tilrår difor avslag på søknaden.*

Sidan dette er fylkesveg meiner fråviksgruppa at vegavdelinga bør ta denne vidare for endeleg vedtak hjå fylkeskommunen.

Label_Vedlegg: